

BREMANGERLANDET VINDPARK NÆRINGS LIV POLITIKK

## Knapt fleirtal mot vindkraft på Bremangerlandet



Kommunestyret stemmer over vindkraft på Bremangerlandet. Representantane som står stemmer for utbygging. Det blei 10 mot 13. Foto: Arve Olav F. Solbakken

# 10 av 13 kommunestyrerepresentantar stemde for å støtte utbygginga av Bremangerlandet Vindkraftverk.

DEL



ANNONSE

Magne Kjerpeset og Sp-gruppa stod fast på standpunktet dei flagga i valkampen om at utbygginga er viktig for næringsutvikling i ytre Bremanger.

- Det blir argumentert med at det vil øydelegge for turistnæringa. Den lokale turistnæringa er for utbygginga, argumenterte han.

På motsett side overraska Jourunn Frøyen (H) med eit langt og engasjert innlegg mot utbygging.

- I denne saka set ein kapital og arbeidsplassar opp i mot viktige naturverdiar. Det det er pengar og marknad og kjøpekraft- er det vilje til å gjere kva som helst. Skal vi legge oss på rygg og gje vekk alle verdiane vi har? Nok er nok for min del. Bremanger-plataet er klassifisert med høg regional verdi. Det skal vi forvalte i denne saka. Det er eit dilemma, eit verdival, sa ho.

Men partikollega Harry Gulestøl, hadde tvila seg fram til motsett standpunkt.

- Ikkje noko enkelt val, men eg meiner at fordelane med utbygginga er større enn ulempene.

I avstemminga stemde tre frå Ap, seks frå Sp og ein frå Høgre i mot høyringsuttalen til Miljø, transport og anleggsplan (MTA) for Bremangerlandet Vindkraftverk. I uttalen står det at noverande kommunestyre rår i frå at

vindkraftanlegget blir bygd. Men det er ikkje gjort noko forsøk på å balansere budsjettet, som vart vedteke i samme møte. Inntektene frå vindkraftanlegget ligg inne sidan utbyggar har ein godkjent konsesjon.

**Lik Firdaposten på Facebook**



Les meir om: [Bremangerlandet Vindpark](#) [næringsliv](#) [Politikk](#)

**Sjå kommentarar**

**Fleire saker**



**Fryktar stopp i satsinga på havvind: - Stikk motsett av kva vi treng**





**Ingen ny flørt med Rogaland no**



**Kan vi stole på at SFE blir stående som langsiktig eier av Bremangerlandet vindkraftverk?**



**Miljøtilpassing og verdiskaping for Bremangerlandet vindpark**

Kommentarer til denne saken



Firdaposten AS, Markegata 65, 6900 Florø • Ansvarleg redaktør Svend Arne Vee, 908 47 465

- Marknadsleiar Sander Ødelien, 900 51 867
- Tips oss 57 75 73 28 | SMS FIPTIPS til 2005
- Personvernpolicy / Informasjonskapsler
- Redaktørplakaten

© 2019